

# Folkevalde sin rett til innsyn

## 1. Folkevalde sin rett til innsyn i saksdokument.

Medlemer og varamedlemer i folkevalde organ har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument når rett til innsyn ligg føre, jfr. pkt. 2 og når dokumenta ikkje inneheld opplysningar som er underlagt teieplikt, jfr. pkt 3.

## 2. Tidspunkt for rett til innsyn.

### 2.1

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd / send til politisk handsaming. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka; med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

## 3. Særskilde reglar for innsyn i opplysningar underlagde teieplikt m.m.

### 3.1

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt. Kommunestyret og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak kreve innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved handsaming av ei konkret sak i organet, jf.forvaltningslova § 13 b nr.2 og 4.

### 3.2

Folkevalde får teieplikt i høve til dokument som er underlagde teieplikt eller unntatt offentleg innsyn etter reglane i offentleglova. Medlemer av folkevalde organ skriv under erklæring om teieplikt. Når ei sak vert handsama for stengde dørar, jf.kommunelova § 31, skal det ikkje orienterast eller refererast frå drøftingane medmindre vedkomande folkevalde organ fastset noko anna.

## 4. Framgangsmåten ved krav om innsyn - tilhøvet til administrasjonen.

### 4.1

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Slike spørsmål til administrasjonen skal gå tenesteveg. Dette tyder administrativ leiar på etaten der saka vert førebudd.

### 4.2

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under handsaming bør det svarast positivt på ved at det blir gjeve ei kort orientering om måten saka blir handsama på, tidsplan o.l.

Vedteke av Luster kommunestyre den 21.6.1995, k.sak 69/95